




FEDJE KOMMUNE  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Fedje 169/182 - parkeringsplass ny kai og utlegging av flytebrygge

Vi viser til brev frå Fedje kommune datert 05.06.2023, mottatt her 30.06.23. Saka gjeld søknad om utfylling i sjø for bygging av parkeringsplass, ny kai og utlegging av flytebrygge på Gnr 169, Bnr 182 i Fedje kommune.



Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, arealformål i sjø (Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørande strandsoner), avstand til nabogrense (pbl. § 29-4), og krav til reguleringsplan (KPA føresegn 6.10).



Arealformålet på land er bygningar og anlegg. I sjø er føremålet småbåthamn der ny kai og utfyllinga for parkeringsplass skal skje, og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone der flytebyggja skal plasserast. Byggegrensa mot sjø ser ut til å gå i formålsgrensa til bygg og anlegg (0 meter frå sjø).

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaka treng fleire dispensasjonar, mellom anna frå krav om utarbeiding av reguleringsplan. Generelle omsyn bak plankravet er mellom anna å kunne sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av området. Plankravet skal mellom anna sikre ein open og føreseieleg prosess, med god medverknad for både offentlege og private partar, jf. pbl. §1-1.

Tiltaka ligg i strandsona. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø gjeld, og skal nyttast ved planlegging. Retningslinjene er klar på at avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging og ikkje igjennom enkeltvis dispensasjonar. Dette gjeld sjølv om Fedje ligg i sone 3 i retningslinjene.

I 100-metersbeltet langs sjøen skal det samtidig tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Dei statlege planretningslinjene konkretiserer dette. Her står det mellom anna at landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevingar og kjelde til identitet og livskvalitet for innbyrggarane. Ved planlegging må det takast omsyn til å bevare landskapskvaliteter og tilpasse det bygde miljøet til omgjevnaden. Det er også viktig å ta omsyn til friluftsliv og ålmentas tilgjenge. Det bør leggest stor vekt på å oppretthalde og forbetre tilgjenge til strandsona frå både land og sjøsida. Konkret til sone 3 står det at ein kan tillate visse tiltak i strandsona, til dømes bryggar og naust. Det står då at felles brygger og naust bør prioriterast. Ny utbygging bør plasserast der det er bygd frå før, med vekt på felles løysingar. Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogleg. Kommunen må vurdere dette i si handsaming av dispensasjonen.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaka samla sett er store, sjølv etter at kaia er redusert. Dei vil endre oppleving av landskapet og auke privatisering av strandsona. Vi gjer merksam på at arealet i sjø er registrert som eit friluftsområde som er eigna for lek og rekreasjon. Det er skildra som eit barnevenleg padle og badeområde. Flytebyggja er plassert utanfor areal satt til småbåthamn i kommuneplanen, og vil gå ut i eit anna landskapsrom. Kaien går lengre ut i sjøen enn dei andre tiltaka i området, noko som vil ha betydning for landskapet. Det er også registrert ein del raudlista fugleartar som kan nytte vågen som funksjonsområde. Det må vurderast om utfylling i sjø kan påverke naturmangfaldet i området. Tiltaka er slik vi forstår det for ein brukar, utan vekt på felles løysingar. Parkering skal som hovudregel ikkje plasserast i strandsona, og vi saknar ein vurdering av både behov og alternativ plassering.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaka samla sett er for store, og at dei kan vere i strid med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Statsforvaltaren rår difor ifrå dispensasjon frå plankravet i denne saka. Vi rår også ifrå dispensasjon frå formål bruk og vern av sjø og vassdrag. Vi er særleg kritisk til utfylling for parkering og flytebrygge som ikkje er i samsvar med formålet i kommuneplanen.



Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN